



Leiartrioen er Trond Nedrevaag, Erlend Haugland og Kai Morten Torget

**Har du høyr og lese om The Gathering, datapartiet som varer gjennom 5 dagar i påskehelga kvart år – i Vikingskipet i Hamar? Frå torsdag får også Uskedalen sitt dataparty som heiter VestLan men som naturleg nok er i mindre målestokk. Dei lokale eldsjelane som står bak det håpar på 60-80 deltakarar medan det kom 5 300 til Hamar sist påske.**



Trond i aksjon i Vikingskipet

Dei fleste som blir med er frå Kvinnherad, men det er også nokre få deltakarar frå Hardangerområdet. Å få med fleire jenter er ein utfordring for slike arrangement – i Uskedalen blir det truleg med berre 10. Aldersspennet er ellers frå 13 til 25 år. Aktivitetshuset er arenaen og her skal deltakarane både arbeide og sova -i den grad dei gjer det.

VestLan starter klokka 12 torsdag og pågår til klokka 12 sundag. Då er det grunn til å tru at dei unge dataentusiastane er bra trøyte.

-Eit dataparty er prega av frivilligheit. Dei som er med kan sova om og når dei vil og dei står også fritt til å finna på ting, seier dei tre som står i spissen for arrangementet: Trond Nedrevaag og Erlend Haugland frå Uskedalen og Kai Morten Torget frå Husnes.

Det var Erlend som spontant tok initiativet til partyet medan Trond er gründer og leiar av VestLan, som vart danna allereie i 2001. Han leia eit dataparty på Husnes for 10 år sidan. No har Trond og dei andre planar om å få det heile inn i meir organiserte formar og også få med entusiastar frå Odda og Stord. Då blir organisasjonen basert på medlemsskap.

Kva tyder så Lan og kva er eit dataparty? Lan tyder Local Area Network, altså eit arealbegrensa lokalt nettverk.

Eller for å nytta den leksikale definisjon: Eitt Lan party

er eitt tidsavgrensa, av og til spontant arrangement, med deltaking av folk med computerar for primært å spela multiplayar computergames. Storleiken kan variera frå 2 til svært mange deltakarar. Verdensrekorden vart sett i Jönköping i Sverige med 12 754. Men det er ikkje berre spelet som trekkjer folk, det er i høgste grad det sosiale, at ein kan treffa andre og utveksla erfaringar.

Det blir også avvikla tevlingar. I Uskedalen blir det avvikla det leiartrioen kallar småtevingar i webdesign, koding og spel – alt med premiering. Arrangementet kjem ellers til å bli sterkt prega av facebook.

Men utan mat og drikke fungerer ein dataentusiast ikkje og arrangøren tilbyr det saman med Systrene Nilsen.

Det kjem til å gå mykje i pizza og hamburgerar.

Når det gjeld den disiplinære sida er det etablert eit samarbeid med politiet, men det er ingen grunn til å frykta spesielle problem.

Av Ola Matti Mathisen



Vikingskipet - med 5.300 dataentusiaster